

## **Tabell 1-k**

### **Rammetilskot til kommunane 2013**

Kommunane sitt rammetilskot blir løyvd over kap. 571, post 60-67 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot i alt er vist i kolonne 9. Dette omfattar ikkje midlar løyvd på kap. 571, post 21 *Spesielle driftsutgifter*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning er basert på talet på innbyggjarar per 1. juli 2012. Skatteutjamninga blir føretatt fortløpende gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene er kjende. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2013 og rammetilskotet til den enkelte kommune blir justert i høve til skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning er ikkje klar før i februar 2014, og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot blir altså først klart i februar 2014.

### **Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)**

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamning, tilskot med særskild fordeling og inntektsgarantiordninga. For meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet, sjå tabell 2-k.

### **Kolonne 2 – Distriktstilskot Sør-Noreg (post 61)**

Kolonne 2 viser distriktstilskot Sør-Noreg. Tilskotet er nærmere dokumentert i tabell D-k.

Tilskotet blir gitt til kommunar i Sør-Noreg som ligg i sone IV eller sone III i det distriktpolitiske verkeområdet, som ikkje mottek Nord-Noreg- og Namdalstilskot eller småkommunetilskot, og som har ein gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre år som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet. Alle kommunar i sone IV kan få tilskot, mens kommunar innanfor sone III får tilskot dersom den samfunnsmessige utviklinga er svak. Samfunnsmessig utvikling målast ved ein distriktsindeks som gir eit uttrykk for utviklinga i tilgjengelegheit, demografi, arbeidsmarknad og inntekt. Kommunar i sone III som har ein indeks lågare enn 35 får fullt tilskot, kommunar i sone III med indeks mellom 35 og 46 mottar redusert tilskot, mens kommunar i sone III med ein indeks på 47 eller høgare ikkje får tilskot. Sone og distriktsindeks for kvar enkelt kommune er vist i kolonnane 4 og 5 i tabell D-k. Gjennomsnittleg skatteprosent for åra 2009-2011 er vist i kolonne 3 i tabell D-k.

Distriktstilskot Sør-Noreg blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Satsane for 2013 er prisjusterte. Tilskotet blir utrekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. januar 2012. Satsane er vist fullt ut i innleiinga og i tabellteksten til tabell D-k.

Satsar i 2013	Sone III	Sone IV
Pr. kommune (1 000 kr)	544 - 2 715	3 619
Pr. innbyggjar (kr)	128 - 636	850

### **Kolonne 3 – Nord-Noreg- og Namdalstilskot (post 62)**

Kolonne 3 viser Nord-Noreg- og Namdalstilskotet i 2013. Nord-Noreg- og Namdalstilskotet blir berekna som ein sats per innbyggjar til kommunane i Nord-Noreg- og Namdalen. Tilskotet er basert på talet på innbyggjarar per 1. januar 2012. Satsane for 2013 er prisjusterte.

Satsar i 2013	Kroner per innbyggjar
Nordland og Namdalen	1 550
Troms (utanfor tiltakssona)	2 973
Tiltakssona i Troms	3 503
Finnmark	7 259

### **Kolonne 4 – Småkommunetilskot (post 63)**

Småkommunetilskotet blir gitt til kommunar som har færre enn 3 200 innbyggjarar. For å få småkommunetilskot, må kommunen i tillegg ha hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet. Tilskotet blir gitt med ein sats per kommune. Kommunane i tiltakssona får tilskot etter ein høgare sats.

Tilskotet blir berekna med utgangspunkt i talet på innbyggjarar per 1. januar 2012. Satsane for 2013 er prisjusterte.

Satsar i 2013	Sats per kommune (1 000 kr)
Kommunar i tiltakssona	11 177
Andre kommunar	5 161

### **Kolonne 5 – Veksttilskot (post 66)**

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som gjennom dei siste tre åra har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolningsvekst ut over 175 pst. av gjennomsnittleg årleg befolningsvekst på landsbasis (2,24 pst.). I tillegg må kommunane ha skatteinntekter under 140 pst. av landsgjennomsnittet dei siste tre åra. Veksttilskotet blir gitt som eit fast beløp per nye innbyggjar ut over vekstgrensa. For 2013 er satsen prisjustert og er 45 218 kroner. Grunnlaget for utrekninga er nærmare dokumentert i tabell D-k.

### **Kolonne 6 – Storbytilskot (post 67)**

Storbytilskotet går til dei 4 største kommunane, Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Tilskotet blir fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Satsen per innbyggjar for 2013 er 340 kroner.

### **Kolonne 7 – Skjønnstilskot fordelt av fylkesmannen (post 64)**

Kolonne 7 viser skjønnstilskot fordelt av fylkesmannen for 2013. I tillegg er det vist fylkesvise rammer for skjønnstilskot til fordeling gjennom året.

### **Kolonne 8 – Skjønnstilskot som kompensasjon for endringar i inntektssystemet (post 64)**

Frå 2011 vart det satt av 400 mill. kroner innanfor skjønnsramma til kommunar som tapar på endringane i inntektssystemet. Midlane vart fordelt direkte av departementet til kommunar som tapte meir enn 100 kroner per innbyggjar på totale verknader av endringane i inntektssystemet i 2011. Kommunane vart kompensert med om lag halvparten av tapet utover 100 kroner per innbyggjar.

Fordelinga er vist i kolonne 8. Tilskotet skal liggje fast inntil neste revisjon av kostnadsnøklane. Det er lagt opp til ein revisjon om lag kvart fjerde år.

På grunn av en feil i kriteriedata for 2011 fekk Sarpsborg kommune tildelt 3,4 mill. kroner av kompensasjonen i 2011. Dette beløpet blir ikkje vidareført etter 2011, og den totale kompensasjonen er difor redusert til 396,6 mill. kroner frå og med 2012.

### **Kolonne 9 – Rammetilskot 2013**

Kolonne 9 viser rammetilskotet for 2013 (sum av kol. 1-8).